

Leirdalen grunneigarlag
v/ Erik Leirdal
6868 Gaupne

04.07.11

NVE – Konesjionsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

www.nve.no/Vannkraft

Uttale i samband med ev. utbygging av Vestsideelvane i Luster kommune.

Leirdalen i Luster har vore mykje belasta av utbygging då Tunsbergdalsutbygginga på 1970 – talet fekk store konsekvensar for bygda. Når no bygda på nytt blir sterkt råka av ei eventuell Vestsideutbygging må følgjande punkt vurderast og takast opp med grunneigarane.

1. Konsekvensar av ny utbygging .

Alle grunneigarane i Leirdalen er sterkt imot ei heving av Tunsbergdalsdammen. Her er lite å vinna energimessig. Dammen vert mykje meir synleg i landskapet. I tillegg vil sørgjeranda i bassenget verte markant større. Det vert og langt større konsekvensar for flobylgje ved høgare vannstand. Det må bli strenge køyrereglar for vannstand (flaumfare) og det må sikrast ei lita minstevassføring i elva.

Konsekvensanalyse må i full grad visa følgjene av ny utbygging med ein vasstand på 4 meter over den ein har i dag. Sentrale punkt vi ynskjer avklaring på er kva innverknad eit større vassmagasin vil ha på temperaturen i bygda.

Korleis vil ny utbygging påverka trekk / vindforholda ?

Kva synlege naturinngrep vil vi måtta leve med og korleis vil natur bli ivareteken for framtidige generasjonar ?

Korleis vil dyreliv og fiske bli ivaretatt under og etter inngrepet ?

Korleis kan jordbruket i bygda drivast under anleggsperioden særleg med tanke på beiting , sikring av område og sanking og kor lang anleggsperiode må påreknast ?

Korleis kan grunneigarar og turistverksemdar få tilgang til området fremst i Tunsbergdalen i anleggsperioden? Både stølsområde, hytteområde og breen må kunna brukast under heile perioden og det må av den grunn sikrast tilkomst?

2.Ulemper som bygda og innbyggjarane slit med etter forrige utbygging

Det har gjennom heile perioden etter utbygginga vore eit problem når elva går med overløp. Dyr i og langs elveløpet blir ståande fast på småøyar og mellom elvatnet og gjerde mot innmark. Sjølv om det har betra seg med ettersyn for dyr før elva blir sleppt på er dette framleis eit aktuelt problem og det er ei større utfordring å oppdaga dyra i dag då krattskog i elveløpet skjuler meir enn tidlegare. Det er når elva blir sleppt på med store vannmassar dette er verst og konsekvensane størst for dyra.

Naustet som er plassert på enden av dammen der anleggsvegen sluttar har ikkje fungert. Dette gjeld både båtopptrekket og tilkomsten til det. Her er det mest heile tida fullt av rekve. Resultatet er at grunneigarane har måtta frakta båtane med køyretøy over dammen for å koma til vatnet. Det er og eit krav at tilkomsten til naturområda, til fiske og til stølsområda fremst i dalen blir mogeleg ved at bruer til området blir vedlikehaldne . Sjå elles punkt 1 her.

Her må byggjast eit anna type overløp. Nausta må flyttast til andre sida av dammen og dei må dimensjonerast for vinterpåkjenning. Det må og leggjast fast dekke der båtane skal setjast på vatnet.

Vedlikehald av anleggsvegen har vore teke av grunneigarane. Ein ser at dette etter kvart blir store utgifter både i forhold til vegbane, stikkrenner og vedlikehaldet av feristene. I anleggsperioden vil dette bli ytterlegare forsterka og både ordninga med vedlikehaldet og full oppjustering av vegen etter anleggsperioden må påreknast og på plass.

Det er altfor lite tatt omsyn til at dette er utfartsplass for fritid, turisme og fastbuande. Parkeringsmuligheiter må sikrast.

Området etter den førre utbygginga er altfor dårleg rydda opp att, særleg med omsyn til skarpe gjenstandar som har vore nedgravde, og som no dukkar opp att i beiteområda.

Auka trafikk på Leirdalsvegen vil gjere krysset mellom denne vegen og fylkesveg 604 om mogeleg endå farlegare. Kan dette punktet på vegen tåle slik trafikkauke ?

Samla sett ser vi på den totale belastninga for Leirdalen som svært stor, både menneskeleg og for all drift av bygda. Etter mange år med tilpassing og med dei ulempene førre utbygging førte med seg er det ikkje nokon ynskjeleg tanke at den same bygde skal inn i ein ny periode med utbygging. Vi vonar vi blir tekne på alvor med dei punkta som er beskrivne over, slik at det blir ei best mogeleg løysing og ei mogeleg framtid for bygda.

Erik Leirdal
Grunneigarlaget i leirdalen
v/ Erik Leirdal
6868 Gaupne